



Seier nei og ja. Rådmann Bjørn G. Andersen i Nome nektar kultursjefen i kommunen å uttale seg om kommunesamanslåing. Rådmann i Bø, Åse Egeland, lar sin kultursjef få meine noko. Arkivfoto: Øystein Akselberg



Seier nei. Rådmann i Sauherad, Hans Erik Utne, ønskjer ikkje at kultursjefen i kommunen skal uttale seg om kommunesamanslåing. Arkivfoto: Marta Kjøllesdal

Sjefar får munnkorg

Bø blad ønskte å høre kva kultursjefane i dei tre Midt-Telemark-kommunane meiner om ei eventuell samanslåing. To av dei tre får ikkje uttale seg.

Hilde Eika Nesje

hilde@boblad.no – tlf 947 89 450

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Bø blad har intervjuet kultursjefane i Bø, Sauherad og Nome kommunar om kva dei tenkjer om kulturretaten dersom dei tre kommunane i Midt-Telemark slår seg saman. Etter at intervjuet var gjennomført og sendt til sitatsjekk viste kultursjefen i Nome, Eva Rismo, intervjuet til sin sjef, rådmann Bjørn G. Andersen. Etter å ha sett intervjuet gav han henne munnkorg.

Ifølgje Rismo tok ho deretter kontakt med kultursjefen i

Sauherad, Hilda Sørum, som også kontakta sjefen sin, og det same skjedde der. Rådmann Hans Erik Utne gav beskjed om at kultursjefen ikkje fekk uttale seg. Kultursjef i Bø, Hilde Pedersen, har ikkje fått munnkorg.

Greitt i Bø

I intervjuet tek dei tre kultursjefane utgangspunkt i intensjonsavtala som politikarane i dei tre kommunane har forhandla fram og legg fram for innbyggjarhøyring 10. april. Alle tre har god tru på avtala og at ei samanslåing vil vere positiv for kulturreiningane. Kultursjefen i Sauherad har to intensjonsavtalar å halde seg til og ser positivt på begge. I intervjuet kjem det også fram at dersom det ikkje blir samanslåing ser dei tre for seg område det likevel går an å samarbeide om på tvers av grensene.

– *Kvifor får kultursjefen i Bø uttale seg når dei andre ikkje får lov, rådmann Åse Egeland?*

– Eg meiner det er i tråd med pressereglementet vårt. Ho informerte meg på førehand. Eg har sett intervjuet, og det seier ikkje meir enn det som står i intensjonsavtala, seier rådmann i Bø kommune, Åse Egeland.

– *Er det noko i forvaltingslova (lova som regulerer saksbehandling og vedtak fatta av statlege eller kommunale forvaltningsorgan) som talar imot?*

– Eigentleg ikkje, ytringsnivået går langt. Det er kommunalsjef og rådmann som skal vere forsiktige. Elles gjeld det med lojalitet i forhold til arbeidsgjevar, men eg tykkjer det er fornuftig å belyse intensjonsavtala. Det er ikkje problematisk, seier Egeland.

Uakseptabelt i Nome

Rådmannen i Nome meiner spørsmålet om samanslåing av kommunar er ei sak mellom veljarane i kommunen og dei som veljarane har valt.

– Politikarane i Midt-Telemark har framforhandla ei intensjonsavtale om samanslåing etter mandat gjeve av kvart enkelt kommunestyre. Denne avtala skal veljarane i kvar kommune uttale seg om, ikkje administrasjonen. Når veljarane har sagt sitt, skal kommunestyra den 28. april votere over om dei skal slå seg saman med andre, seier Bjørn G. Andersen.

Han legg til at ei kvar vurdering av kommunesamanslåing er feil av etatssjefar å gjere. Andersen meiner det er prinsipielt uakseptabelt at tilsette og spesielt overordna skal gje sine synspunkt på kommunesamanslåing til kjenne.

– Det har ikkje med lojalitet, men med reint styringsmessige forhold å gjere, seier Andersen.

– Grunngevinga for å nekte administrasjonen, og i alle fall etatssjefar, å seie noko om fordelar og ulemper ved ei kommunesamanslåing er at dei ikkje

kan stille til val og skal ikkje seie noko om dei ikkje blir spurde, seier Andersen.

– *Kan det få konsekvensar viss etatssjefar likevel kjem med synspunkt?*

– Det vil eg ikkje spekulere i, men det kan vere at kommunestyret seier at rådmannen kan sørge for at det får disiplinære følgjer for etatssjefen, seier Andersen.

– Ikkje munnkorg

Rådmannen i Sauherad, Hans Erik Utne, svarar følgjande til Bø blad per e-post:

”Kan opplyse at det fra Sauherad sin side ikke er gitt munnkorg til kultursjef i denne saken. På forespørsel fra egen kommunalsjef så har jeg formidlet at jeg ikke ønsker at kultursjefen i kraft av sin stilling skal uttale seg om kommunesammenslåing da dette er i en politisk prosess.”

Her er spørsmåla

Sauherad kommune skal ha opinionsundersøking og ikkje folkeavstemming om kommunesamanslåing. Innbyggjarane der har to intensjonsavtaler å velje imellom.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

I tillegg til intensjonsavtala mellom dei tre kommunane i Midt-Telemark har Sauherad også inngått ei med Notodden, Hjartdal og Seljord.

Formannskapet bestemte spørsmåla som skal stillast på møtet 10. mars. Dei ligg på heimesida til kommunen og er som følgjer:

”– Sauherad kommune vurderer nå å slå seg sammen med

(en eller flere) andre kommuner. Jeg ber deg vurdere hvilket alternativ du mener er best. Jeg leser opp alternativene først:

1. Alternativ Midt-Telemark – Sauherad går sammen med Bø og Nome.

2. Alternativ Øst-Telemark – Sauherad går sammen med Notodden, Hjartdal og Seljord.

3. Sauherad kommune fortsetter alene, det vil si, slår deg

ikke sammen med noen annen kommune.

– Hvis resultatet av en kommunesammenslåing blir Midt-Telemark ønsker du da at kommunen utreder en grenseendring?

– Hvis resultatet av en kommunesammenslåing blir Øst-Telemark ønsker du da at kommunen utreder en grenseendring?

– Registrere kjønn 1. Mann 2.

Kvinne

– *Hva er din alder?* ”

Personen som ringer skal opplyse at han eller ho ringer frå Opinion AS på oppdrag av Sauherad kommune. Det vart ringt rundt i veke 11 og blir ringt opp veke 13. Dei som har telefon som ikkje er registrert på seg kan melde frå om det til Sauherad kommune.